

Kulturprisvinnar

1994

Vatne Sogelag

Pristildelinga er ei påskjønning, godkjenning og vyrdnad for det arbeidet Laget har gjort for å ta vare på historia for etterslekta.

Vatne Sogelag vart stifta 8. mai 1980



Vatne kyrkje ved ei minnestund

Foto: Norvald Bjørkevoll

Ved ei tilstelling på Vatne ungdomsskule møtte det fram 80 personar for å vere med på utdelinga av Brattvåg Rotary sin kulturpris til Vatne Sogelag. Klubbmeister Rolv Rørhus leia festen og president i Brattvåg Rotary, Øyvind Haugen, stod for overrekkinga av prisen. Leiar i Vatne Sogelag, Norvald Bjørkevoll, tok imot prisen på sogelaget sine vegne. Han uttrykte at prisen var ein viktig inspirasjon til vidare arbeid. Sogelaget arbeider for å sikre historia for ettertida. Vatne i denne samanheng vil sei gamle Vatne kommune. Arbeidet er av kulturell verdi, og ein ynskjer å fremje historisk interesse mellom folket. Han synte og fram gamle handskrivne protokollar og ein album frå samlinga med gamle bilete. Den mest utadretta verksemnda Vatne Sogelag driv er utgiving av årsskrifter der skrivarane og andre som har vore med å sende inn stoff og bidradd til at årsskrifta kjem ut. Til no er det utgitt 13 hefte med diverse innhald og biletksamlinga med gamle bilete er no oppe i 1040 bilete. Festen Brattvåg Rotary skipa til på Vatne ungdomsskule inneheld både historie og historier. Ikkje mindre enn 13 humørfylte stubbar vart fortalt av Sindre Vik. Vatne Hornmusikklag underheld til slutt.